

Saksframlegg

Saksnummer	Møtedato	Utval
2023/34	22.05.2023	Samfunnsutvalet
2023/54	20.06.2023	Kommunestyret

Endring av kommunal forskrift om motorisert ferdsel på vassdrag - bruk av elektrisk båtmotor på Høyvatnet

Vedlegg

- 1 Forslag til endra forskrift om start og landing med luftfarty og motorisert ferdsel på vassdrag i Lom kommune
- 2 Behandling i Breheimen nasjonalparkstyre - Søknad om bruk av elektrisk båtmotor under fiske på Høyvatnet

Innstilling frå kommunedirektøren

§ 2 a) i *Forskrift om start og landing med luftfarty og motorisert ferdsel på vassdrag, Lom kommune*, sist vedteken av Lom kommunestyre 28. april 2011, blir endra til:

På Høyvatnet og Langvatnet i Leir- og Bøverdalen statsallmenning er det ikkje tillate å bruke motorbåt eller båt med påhengsmotor. I samband med utøving av fiske på Høyvatnet er det likevel tillate å nytte båt med elektrisk motor med maksimal inngangseffekt på 800 W. Elektrisk motor kan berre nyttast i perioden frå 1. juli til sesongslutt for garn- og oterfiske.

Forskrifta er fastsett med heimel i lov av 10. juni 1977 nr. 82 om motorferdsel i utmark og vassdrag § 4 siste ledd og § 5.

Saksprotokoll i Samfunnsutvalet 22.05.2023:**Behandling**

Vedteke lik innstillinga frå kommunedirektøren

Vedtak

§ 2 a) i *Forskrift om start og landing med luftfarty og motorisert ferdsel på vassdrag, Lom kommune*, sist vedteken av Lom kommunestyre 28. april 2011, blir endra til:

På Høyvatnet og Langvatnet i Leir- og Bøverdalen statsallmenning er det ikkje tillate å bruke motorbåt eller båt med påhengsmotor. I samband med utøving av fiske på Høyvatnet er det likevel tillate å nytte båt med elektrisk motor med maksimal inngangseffekt på 800 W. Elektrisk motor kan berre nyttast i perioden frå 1. juli til sesongslutt for garn- og oterfiske.

Forskrifta er fastsett med heimel i lov av 10. juni 1977 nr. 82 om motorferdsel i utmark og vassdrag § 4 siste ledd og § 5.

Saksprotokoll i Kommunestyret 20.06.2023:

Behandling

Innstilling frå samfunnsutvalet vart samrøystes vedteke.

Vedtak

§ 2 a) i Forskrift om start og landing med luftfarty og motorisert ferdseil på vassdrag, Lom kommune, sist vedteken av Lom kommunestyre 28. april 2011, blir endra til:

På Høyvatnet og Langvatnet i Leir- og Bøverdalen statsallmenning er det ikkje tillate å bruke motorbåt eller båt med påhengsmotor. I samband med utøving av fiske på Høyvatnet er det likevel tillate å nytte båt med elektrisk motor med maksimal inngangseffekt på 800 W. Elektrisk motor kan berre nyttast i perioden frå 1. juli til sesongslutt for garn- og oterfiske.

Forskrifta er fastsett med heimel i lov av 10. juni 1977 nr. 82 om motorferdsel i utmark og vassdrag § 4 siste ledd og § 5.

Saksutgreiing

Lom kommune har motteke søknad frå Lom fjellstyre om endring av kommunal forskrift for motorisert ferdseil i Lom kommune, der det fram til i dag har vore forbod mot bruk av båtmotor på Langvatnet i Jotunheimen nasjonalpark, og på Høyvatnet (Høydalsvatnet) i Høydalen landskapsvernområde. Begge desse vatna er over 2 km², og dermed i utgangspunktet store nok for bruk av motorbåt etter lov om motorferdsel i utmark. Det er no ønskje frå fjellstyret om å opne for bruk av mindre elektrisk båtmotor under fiske på Høyvatnet. Grunngevinga er at det i lang tid har vore utfordringar med for stor fiskebestand i forhold til næringsgrunnlaget i dette vatnet. Som følgje av dette har kvaliteten på fisken hatt ei negativ utvikling, noko som er godt dokumentert gjennom prøvefiskedata. Det har vore prøvd ulike forvaltningsmessige tiltak for å auke fiskeuttaket, men dette har ikkje hatt tilstrekkeleg effekt.

Fjellstyret har fått innspel om at det vil bli meir attraktivt å fiske på Høyvatnet om det hadde vore lovleg å nytta seg av elektrisk båtmotor. Dette ville ha forenkla garnfisket og gjeve ei heilt anna moglegheit til dorging og bruk av oter frå båt. Omsynet til støy var i si tid bakgrunnen for å innføre forbod mot bruk av motorbåt her, men slike mindre elektriske motorar er svært støysvake, har ikkje utslepp til omgjevnadene og topphastigheita er låg.

Kommunedirektøren legg derfor fram forslag om å endre den kommunal forskrifta for motorferdsel i utmark slik at det blir tillate å bruke mindre elektrisk båtmotor med inngangseffekt inntil 800 W under fiske på Høyvatnet. Høyvatnet er ca 2,4 km², men i *Lov om motorferdsel i utmark* § 5 tredje ledd har det sidan 2021 vore heimel for at kommunen gjennom forskrift eller enkeltvedtak kan gje løyve til bruk av slike båtmotorar også for vatn under 2 km².

Søknaden har vore behandla av Breheimen nasjonalparkstyre 15.09.2022, og det vart gjeve løyve etter verneforskrifta for bruk av båtmotor som nemnt over i samband med fising på Høyvatnet for ein prøveperiode på 3 år; i perioden frå 1. juli og ut sesongen i åra frå 2023 til og med 2025. Etter prøveperioden vil det bli gjennomført evaluering før løyvet eventuelt blir forlenga.

Høyringa vart kunngjort på kommunen si heimeside, ved annonse i Fjuken 13.04.2023 og i brev til regionale myndigheiter, til Statskog som grunneigar, til politiet og til lokale og regionale frivillige organisasjonar som kan ha interesser knytt til forslaget. Uttalefrist var sett til 05.05.2023.

Det kom inn ein høyringsuttale til saka; frå Innlandet fylkeskommune, som skriv:

Høyvatnet ligger innenfor sone D – tamreinområde i regional plan for Ottadalsområdet. Sonen regnes ikke som en del av leveområdet til villreinbestanden i Breheimen Sørøst, og regional plan gir i denne sonen i hovedsak retningslinjer i forhold til arealbruk mellom tamreindriften og villrein.

Båt med elmotor, med en effektbegrensning på 800 watt, vil ha en hastighet tilnærmet rofart og være støysvak. Dette vil i utgangspunktet ikke forstyrre fugle- og dyreliv mer enn en vanlig robåt. Det vil imidlertid normalt kunne bli økt ferdsel og fritidsfiske, da tilgjengeligheten blir enklere ved bruk av motor. Dette er i tråd med søkers intensjon om å forvalte fiskebestandene på en bedre måte

Generelt sett er konfliktpotensialet med slik type båtmotor størst i små vann, da man i større grad vil komme nær gruntvannsområder og kantsoner der mange fugler har levestedene sine. Høyvatnet er ca. 2,4 km² stort og det er registrert 3 sårbarhetssoner for fugl som grenser til vannet i den vestre halvdel av vannet. Nasjonalparkforvalter vurderer at det ikke medføre store ulemper for verneverdiene og verneformålet dersom ferdselen skjer etter den 1. juli.

Fylkeskommunen har ingen innvendinger til forskriftsendringen slik den foreligger.

Vurdering

Kommunedirektøren viser til grundig saksutgreiing og behandling etter naturmangfaldlova i samband med nasjonalparkstyret sitt vedtak (vedlagt). Her er det vist til at det er 3 område med sårbare rovfugl-/våtmarksfugl som grensar til Høyvatnet, og som kan vere sensitive for auka aktivitet fram til 1. juli. Nasjonalparkstyret har derfor sett vilkår om at elektrisk båtmotor berre kan nyttast i perioden frå 1. juli og ut sesongen. Slik tidsavgrensing for bruk av elektrisk motor var ikkje med i forslaget til forskriftsendring som var sendt på høyring, men kommunedirektøren foreslår å ta dette inn ved endeleg vedtak.

Bakgrunnen for at inngangseffekt på 800 w er valgt som øvre grense er at dette er same effektgrense som er nytta i lov om motorferdsel i utmark og vassdrag § 5 tredje ledd; kommunen kan ved forskrift eller enkeltvedtak gje løyve til bruk av slike motorar også i vatn mindre enn 2 km². 800 w tilsvarar også ca maksimal effekt for enkle elektriske "dorgemotorar" som går på 12 volt batteri. Slike båtmotorar har sjølve motoreininga under vatn, og er derfor tilnærma lydlause.

I høyringa har det ikkje kome fram nokon motførestillingar til å opne for bruk av mindre elektrisk båtmotor i samband med utøving av fiske på Høyvatnet. Det bør setjast vilkår om at slik motor berre kan nyttast etter 1. juli, jfr. nasjonalparkstyret sitt vedtak og Innlandet fylkeskommune sin uttale.